

Uttale til rammevilkår for lokalradio i forbindelse med digitalisering av mediet.

Radio Hallingdal vil uttale følgjande på dei tre hovudspørsmåla departementet stiller i høyringsdokumentet:

1. Kva for lokalradioar bør kunne halde fram på FM – nettet etter slokking i 2017-19?

I følge reglane så er utbygginga av DAB aktørstyrt. Det må bety at lokalradioane sjølve skal sørge for nødvendig utbygging dersom dei vil på DAB. No er definisjonen av lokalradio ikkje lett å forstå, men den tradisjonelle lokalradio som vår eigen Radio Hallingdal der inntektene ikkje dekker utgiftene slik det er i dag, har ikkje sjans til nokon gong eingong å tenke tanken på å bygge ut DAB. Derfor må lokalradioar i områder som vårt få lovnad om å halde fram på FM nettet uavgrensa av tid så lenge samfunnet ikkje vil legge til rette for at dei kan ta ny teknologi i bruk. Vi har vårt eige nett som fungerer heilt OK for forventar å få halde fram der.

2. Hvordan kan det legges til rette for digitalisering av lokalradiosektoren?

Som nemnt i svaret på spørsmål 1 så er det svært liten sjanse for at det er økonomi hjå den tradisjonelle lokalradio til å stå for dei investeringane DAB krev. Har det vore kamp om annonsekroner tidlegare i forhold til lokalavisar, så blir den ikkje mindre no når kommersielle radioar på DAB potensielt kan fløytm innover dekningsområdet til lokalradioane. Svaret på dette spørsmålet er at det på ein eller annan måte må ordnast med at samfunnet tek på seg kostnaden med å bygge ut DAB nettet til lokalradioane og at det blir svært rimeleg å leige plass til sending. Pengar kan skaffast ved at det blir lagt ei avgift på dei kommersielle radioane som blir brukt til denne utbygginga, men det mest rettferdige er at Stortinget sørger for at det blir stilt nødvendige midlar til disposisjon.

3. Hvilke rammevilkår skal gjelde for den delen av lokalradiosektoren som får fortsette på FM?

Alle konsesjonar for desse lokalradioane må få forlenga konsesjonen for minst 7 år. Dei krava som i dag gjeld for lokalt innhald må fjernast på linje med det som er foreslått for DAB baserte lokalradioar. Det har ingen hensikt på lyse ut konsesjonane på nytt.

Når det gjeld spørsmåla som er stilt i delrapporten om virkemidler for å legge til rette for lokalradio på DAB føreset vi at lokalradio forbundet kjem med innspela her då det er snakk om overordna strategiar.

3576 HOL 7.1.15

Helsing
Radio Hallingdal

Knut Medhus
Redaktør

Rita Stavn
dagleg leiар

svein.larsen@radiometro.no.